

Kommentarer til kommunedelplan for trafikksikring 2016-2023

Hei, og takk for at me får koma med innspel. Det blei godt motteke blant oss. kollegaer. Skal prøva å ta punkt for punkt.

1. Snuforhold for skulebuss i Keilen er dårlige.

2. Forholda ved Kaland Skule er ikkje bra. Problemet er møtande trafikk som køyrer over plassen, fordi dei har ingen annan veg å ta. Kan hindrast med fysisk sperring, eller bussvakt som stansar trafikk.

3. Leirvågkrysset er mørkt. Må setjast opp lys i krysset. 60 sona flyttast mot sør forbi busstopp, eller til rundkjøring

4. Busstopp ved Fønnes Straumen bru må flyttes til kryss til Vardetangen. Buss lommer i begge retninger. Felles buss lomme for begge retninger er svært uheldig. Dårlige erfaringa med dei stoppa me har, som er utforma slik.

5. Synnevågkrysset er farleg. Her må 60 sona flyttast forbi busstopp mot nord. Siktsona må betrast.

6. Veg til Bakka har ein del naturlege fartshumpar som kan skade køyretøy ved for stor fart.

7. Veg ned til AVS er farleg og uoversiktlig. Runde rundt skulen er også dårleg. Smalt, humpete og uoversiktleg.

8. Mastrevik kryss. Her må det lagast buss lomme retning Mastrevik torg. Mange farlege situasjonar med forbikjøring midt i krysset. Ofte passasjerer som har avstigning her.

9. Kryss til Mastrevik torg er alt for trangt.

Ved Mastrevik torg er det ikkje busstopp på austside, mot brannstasjon. Mange ruter avslutta her, så bussen kan ikkje stoppe for avstigning på stoppet mot Mastrevik torg.

10. Krysset i Årås dalen, mot Solen. Svært uoversiktleg Farten frå nord må ned.

11. Strekninga Fosenstraumbua Førland er det stor fare for hjortepåkjørsel.

12. For ei tid sidan kom det brått opp eit busstopp like nordom Fosnstraumbua. Ingen buss lommer og 80 sone på staden. Trafikkfarlig. Må lage buss lommer i begge retningar eller fjerne stopp. (Ingen fastbuande).

Generelt: Hovedvegane i Austrheim er mange stader smale, og gul midtstripe manglar. Dei fleste plassar er det likevel greie passeringsmogeligheter for møtande trafikk. Men eit par plasser er det litt smalt.

Sving på Sætre/Budalen? er det lite oversiktlig og litt for trangt for 2 store køyre tøy.

I ein sving på Sævrøy vegen, 3-400 m. før kryss til Langøy/Krossøy er det gode passeringsmogeligheter på begge sider av svingen, men innsnevring i sjølve svingen. Trafikkfarlig.

Gang og sykkelveger er alltid positivt, både for mjuke trafikanter, og for køyrande.

Men ved bygging av GS. må det ikkje gå på bekostning av køyrebanda, slik ein kan sjå at det har blitt gjort mange andre stader. Eg gjer merksam på at dette er mine eigne kommentarar, men med innspel frå fleire andre sjåførarar. Mvh. Magne Straume